

Temadag – varme og kalde senger

26.08.2021 – Bykle samfunnshus

Gruppearbeid/Plenumspresentasjon:

Oppgåve 1

Plan- og bygningslova som verktøy for varme senger:

«Varme senger» anno 2021 – kva inneber dette? Har kommunen moglegit til å følge opp dei krav som følgjer reint blått formål?

Dette er eit aktuelt tema ved revisjon av kommuneplanens arealdel med arealstrategi:

- Strategi/nokre prinsipp for kor det må vere næringsformål for overnatting?
- Kva kan å så fall vere aktuelle tema/føringar for ein slik strategi?
- Vil lokalisering, næreliek til funksjonar/andre næringsinteresse og fysisk utforming verke inn på vurderinga?

«Blå område» - Kva bør innhald i «blå» område vere? Er det nok med eit tradisjonelt hotell på Hovden? Om det blir behov for eit til, kva bør vektleggast ved lokalisering? Om nokon område skal omdisponerast frå blått til gult, kva kan i så fall vere kriteria?

«Gule område» - Kan ein vurdere fritidsformål, men med tilrettelegging for utleige på nokon område? Kan krav til fysisk utforming legge meir til rette for utleige? Korleis kan det å leige ut eigen fritidsbustad/leilighet gjerast attraktivt?

Stikkord frå diskusjonen:

- Varme senger er både gule og blå
- Gamle blå felt som vi ikkje greier å ivareta; skal die få kjøpe seg fri - Adm: dette må de finne ut av?
- Fra blått til gult; sommerprodukter/sommeraktiviteter
- Framtidige blå område må kobles til utleigeaktør
- 9:3-modellen - utleie i kontrakt og prospekt
- Følgande tomte bør vere blå: Sentrumstomt, Hovdestøylen, Hovden Alpinsenter, Lys i berget og Resten av Flatastøylen.
- Dagens blå område – skal vi kreve utleige, eller i hvert fall gjere dei merksamme på at dei har hytte knytt til utleige.
- Bør vere sentrumsnært og nærmeste aktivitetsanlegg
- Bør legge til rette for meir naturbasert overnatting
- Blå områder må være sentrale område - dumt å lage blå hytteområder
- «Blå» hytteområder må vurderast om dei skal over til gult?
- Blå områder bør være avsatt til tydelige kommersielle formål - konkret blått formål
- Blått - styre mer i reguleringsplanen - er tydelige

Oppgåve 2

Andre verktøy for å auke andelen varme senger

Kva andre metodar enn plan- og bygningslova kan kommunen nytte for å tilrettelegge for varme senger? Skal utbyggars målsetting vektleggast? Er det aktuelt med bruk av privatrettslege avtale? Kva med andre tiltak som auker aktivitet heile året? Er det aktuelt å finne fram til ein modell for «næringsbidrag», særleg ved omdisponering?

Stikkord frå diskusjonen:

- Bygge fleire tiltak og tilbod for aktivitetar
- Privatrettsleg avtaler? Ihvertfall der kommunen skal selge tomter - gi føringer
- Gjøre det enkelt for folk å leie ut -
- Utbyggars forretningide er viktig - bringe folk opp til Hovden
- Gult til tilrettelagt for utleige er positivt
- Uansett holde på blått på noen områder - Utvikle nokon gule det det stillest krav om tilrettelegge for utleige
- Vi må vere attraktive for næringsutvikling - ta hensyn til utbyggere - ikkje ein felles løysing for avtale - gi utbygger mulighet til å bygge ut sin bedrift med private avtaler - mulighet for å få til ting i fellesskap
- Utbyggars mål må vektlegges ja.

Oppsummering v/Plansjef:

Temadagen har vore ei særstak nyttig oppvarming til vidare arbeid med avklåringar ein må gjere framover. Plansjefen oppfattar at representantane i kommunestyret og planutvalet står nærmare kvarandre i høve tematikken enn før, og at det er felles forståing av handlingsrom og problemstillingar.

Temadagen vil bli følgd opp med stikkordsmessig referat. Dette vil danne grunnlag for konkret saksframlegg og eit strategisk notat om dei områda som vi oppfattar ikkje er heilt avklart (jf. gruppearbeida).

Det ein landar på av politiske vedtak / føringer vil ha relevans i pågande planarbeid, - som strategisk næringsplan, og etterkvart i arealstrategi som ein ser føre seg som opptakt til revisjon av kommuneplanen – både i samfunnsdelen og arealdelen.

Ein vart ein samde om at sak om varme- kalde senger (blå/gule område) går via Planutvalet til Kommunestyret. At notatet blir lagt ut til høyring til aktørar før slutthandsaming i planutval og kommunestyre.

Det bør og leggast opp til ein prinsippdiskusjon rundt bindinga mellom planar, rekkefølgjekrav, utbyggingsavtaler/ utviklingsavtaler , oppfølging av utleigeplikt osb på litt lengre sikt.

Forslaget om å lage ein overordna masterplan for Hovden for å avstemme kva marknaden etterspør av type varme senger og tilbod er av interesse å sjå nærmare på. Dette kan bli teke stilling til ved revisjon av planstrategien.

Kommunen er ein aktiv kommune med høgt trykk på plansida. Korvidt ein har kapasitet til å følgje opp og utvikile rutinar/avtaler og aktiv oppfølging som ønskja må sjåast nærare på. Truleg må ein skilje på bør og kan-oppgåver, og få føringar i høve ønskje/prioritet for ev meir aktiv oppfølging.

Administrasjonen er takksame for det politiske engasjementet rundt planleggingsprosessane, og planarbeid generelt.

Innleiarane, Anne, Ida og Eivind vart takka særskilt for tilrettelegging av program og gjennomføring.


Administrasjonen førebur ny temadag om utbyggingsavtaler/utviklingsavtaler.

Evaluering av temadagen:

Det var brei semje om nytten av slike temadagar og at opplegget fungerte godt med fagleg påfyll /eksterne innleiarar, administrativ intro og gruppearbeid/ plenumsdrøftingar , og at slike temadager bør bør vere lausrivne frå dei ordinære møtedagane.

Det kom forslag om at ein og kan ha nytte av å få døme frå andre samanliknbare kommunar – t.d. Trysil.

Det kom og forslag om at Statsforvaltar og/eller Fylkeskommune kan medverke i relevante temadagar.



OPPGÅVE 1:

VÆRME SENTER
= GULE OG BLÅ

NR 1 SIKRE
AREAL FØR
NERINGSUTVIKLING

BLÅ OMråDER REKTES
TIL TIDELIGE "KOMMUNALE"
FORNÄRL.

GAMLE BLÅ PÅLT
KØPTE SEG FRI?
ELLER?

BLATT
1-2-16-17
7

NEI - IKKE MÅ KØPE
I FRÅSE OPP.

FRA BLATT
TIL GULT -
DØPTE TIL SOMMER
PRODUKT-aktivitet

Egen 1. Årsrapport
1. del av rapporten
kommer ikke til å bli
oppdatert med informasjon
om utviklingen i aktiviteten.
Vedkommende er ikke
med i rapporten.

NOEN OMråDER
CAN OMDISKUTERES
FRA BLATT → GUL.

EIER MÅ SETTE
ENHET INN I
TIL ULEIEAKTOR

BLÅ OMråDER
HA VERE STABBLE
OMråDER.

■ MED INN
DOM Å LAGE "BLÅ
HYTTEOMråDER".

9-3 MÅ
KOMMUNALE
ULEIE I RONTANT
- PROSPEKT

Frontid.
Retningsforskning
mønsteroppfatting

Vi ERL MEST
OPPATT AV AT
DET ER FOLK I HYGGE

Oppgave 2

Andre verktøy for å auke andelen varme senger

Kva andre metodar enn plan- og bygningslova kan kommunen nytte for å tilrettelegge for varme senger? Skal utbyggars målsetting vektleggast? Er det aktuelt med bruk av privatrettslege avtale? Kva med andre tiltak som auker aktivitet heile året? Er det aktuelt å finne fram til ein modell for «næringsbidrag», særleg ved omdisponering?

- tilrettelegge på at leil i kommersielle områder -
- hele produksjons ideen må vurderes!